

Saksbehandlar: Ole-Christian Sunde Grytten, Administrasjon og innovasjon
Sak nr.: 21/3453-1

Finans- og gjeldsrapportering 1. tertial 2021

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Kommunestyret tek rapporten for finans- og gjeldsrapportering 1. tertial 2021 til vitande.

**Vedlegg:
Rapport - Finans- og gjeldsrapportering 1. tertial 2021**

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

Rapport for 1. tertial 2021 rapporterer for perioden frå 01.01.2021 til 30.04.2021. Rapporten skal vise korleis kommunen sine finansielle midlar (aktiva) og gjeld (passiva) har endra seg gjennom perioden. Rapporten ligg i sin heilskap som vedlegg.

2. Kort om rapporten

- Generell marknadsvurdering: Økonomien er i ferd med å hente seg inn igjen etter eit utfordrande 2020. Det er venta låge renter framover, men dei vil auke gradvis.
- Midlar til driftsføremål:
 - Rådmannen legg til grunn at renteinntektene for dei resterande kvartala i 2021 vert på same nivå, med samla renteinntekter på 1,46 mill. kr, tett opp under budsjettert inntekt
 - Likviditeten i 2021 har vore tilstrekkeleg til å dekke løpande utgifter, inkl. investeringar, samstundes som ein har hatt ein buffer til å handtere eventuelle uføresette kostnader.
- Midlar til langsiktig forvaltning:
 - Per 30.04.2021 har Sogndal kommune 107,2 mill. kr til forvaltning, ei auke på 2 mill. kr hittil i år. 31,5 prosent av portefølja er plassert i aksjar. Dette i tråd med reglementet.
- Gjeldsforvaltning:

- Per 30.04 har Sogndal kommune 1.125 mill. kr i gjeld og det er budsjettert med 42,8 mill. kr i avdrag (eks startlån) i 2021. Dette tilfredsstillter kravet til betaling av minimumsavdrag.
- Renterisiko, rentebindingstid og refinansieringsrisiko er nærmare omtala i rapporten. Gjeldsforvaltninga er i tråd med reglementet.
- For 2021 vart renteutgifter budsjettert til 12,369 mill. kr (eks startlån) i økonomiplanen. Rådmannen legg til grunn at renteutgiftene vert redusert med 961 000 kroner i 2021, samanlikna med budsjett, til 11,408 mill. kr.

3. Konklusjon

Sogndal kommune si forvaltning av finansielle midlar og gjeld er i tråd med «Reglement for finans- og gjeldsforvaltning i Sogndal kommune». Endringar som påverkar buidsjettet (til dømes renteutgifter) er innarbeidde i tertialrapporten.